



FLORA KOMMUNE TEKNISK DRIFT
Markegata 51
6905 FLORØ

Sakshandsamar::
Britt Solheim

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved avløpsanlegga, Sentrum og Kanalen

Kontrollnummer: 2019.144.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Rune Kristiansen
Katrine B Reksten
Sigmund Solheim

Frå Fylkesmannen i Vestland:

Sissel Storebø og Britt Solheim

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved avløpsanlegga Sentrum og Stranda den 7. november 2019. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland avdekkja 2 avvik. Ingen merknader blei gitt under inspeksjonen.

Avvik:

- Nokre krav i utsleppsløyvet blir ikkje stetta
- Internkontrollen har manglar

Avvik er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Britt Solheim
senioringeniør

Sissel Storebø
seksjonsleiar

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: FLORA KOMMUNE TEKNISK DRIFT	
Organisasjonsnr.: 974774925	Eigd av:
Bransjenr. (NACE-kode): 84.130 - Offentlig administrasjon tilknyttet næringsvirksomhet og arbeidsmarked	

Kontrollert eining

Namn: Sentrum og Kanalen	Anleggsnr.: 1401.0109.01
Kommune: Flora	Fylke: Sogn og Fjordane
Anleggsaktivitet: Avløpsnett og -rensing	
Løyve gitt: 07.06.2016	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt risikobaserte tilsyn for i år.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Avfall
- Prosess og reinseutstyr
- Kjemikaliar
- Utslepp til vatn
- Løyve datert 7. juni 2016

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Flora kommune pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Flora kommune innan 2. mars 2020 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta og kva for tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Britt Solheim.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda 1. oktober 2019. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Flora kommune betale eit gebyr på kr 26 300,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Kommunen stettar ikkje alle krava i utsleppsløvyet

Avvik frå:

Utsleppsløyve gitt 7. juni 2016. Avvika gjeld for følgjande punkt:

- Punkt 3.3.3 Krav til utslepp via overløp
- Punkt 3.4 Krav til utslepp frå reinseanlegg
- Punkt 3.5.3 Oppfylling av reinsekrav
- Punkt 8 Kjemikal

Kommentarar:*Punkt 3.3.3 Krav til utslepp via overløp*

Kommunen skal ha oversikt over alle overløp på avløpsnett. I løyvet er det krav om at driftstida på overløp skal registrerast eller bereknast for eit dimensjonerande år innan 31.12.2018. Utslepp av ureinsa avløpsvatn via overløp blir ikkje talfesta for alle overløp. Nødoverløp ved pumpestasjonane blir overvaka av VA-avdelinga.

Punkt 3.4 Krav til utslepp frå reinseanlegg

I løyvet *Tabell 3. Krav til reinsing*, er det krav om å gjennomføre målingar av suspendert stoff, SS og biokjemisk oksygenforbruk, BOF₅ for alle reinseanlegg større enn 50 pe. Kravet er at suspendert stoff skal reduserast med 50 %, eller at konsentrasjonen i utsleppsvatnet skal vere maksimalt 60 mg/l. Grenseverdien for BOF₅ er 20 % reduksjon av mengde inn på anlegget, eller at utsleppsverdien ikkje er høgare enn 40 mg/l. I tillegg skal det analyserast på totalfosfor, Tot-P. Prøvane skal takast ved akkreditert prøvetaking.

I Tabell 4. under *Punkt 3.5.1 Krav til analyseparameter og analysemetodar*, er det krav om analyser for både store og små reinseanlegg.

Reinsekrava for utslepp for avløpsvatn frå tettbygd område Florø/Brandsøy skulle vore oppfylte seinast 31. desember 2015, jf. forureiningsforskrifta § 14-7. Fylkesmannen gav mellombels unntak frå reinsekrava for dei avløpsanlegga som er under ombygging, jf. § 14-8. Reinseanlegga med tilhøyrande leidningsnett skal oppgraderast i samsvar med kommunen sin framdriftsplan dagsett 19. desember 2014.

I framdriftsplanen har kommunen mellom anna satt følgjande fristar for akkreditert prøvetaking:

- Utslepp Storåsen Sør via slamavskilljar - akkreditert prøvetaking: 2017
- Utslepp Gunnhildvågen via slamavskilljar - akkreditert prøvetaking: 2017
- Utslepp Havreneset Sør via slamavskilljar - akkreditert prøvetaking: 2018
- Utslepp Brandsøysundet via slamavskilljar - akkreditert prøvetaking: 2018
- Utslepp Botnastranda og Fjordbase - akkreditert prøvetaking ?

Ingen av desse anlegga er i dag godkjente for akkreditert prøvetaking.

Punkt 3.5.3 Oppfylling av reinsekrav

Kommunen overheldt ikkje reinsekrava for utslepp til vatn i 2019.

Alle reinsekrav skal oppfyllest innanfor dei fastsette midlingstidene gitt i løyvet. To av prøvene treng ikkje oppfylle reinsekrava. Ved tilsynet blei det opplyst at resultatet for fire av tolv prøver viste at reinsinga i anlegget ikkje var god nok.

Kommunen er iferd med å kartlegge om årsaka kan vere at mengde polymer som er tilsett avløpsvatnet er for låg.

Punkt 8. Kjemikal

Kommunen skal ha eit dokumentert system som jamleg vurderer utskifting av helse- og miljøskadelege kjemikal med mindre skadelege kjemikal (substitusjon).

Florø kommune manglar skriftleg dokumentasjon på at det er gjort ei systematisk vurdering av substitusjon av kjemikaliar.

Avvik 2

Internkontrollen har manglar

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7 (rutinar)

Kommentarar:

Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7: Rutinar

Verksemda skal iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleiksløvgjevningen. Internkontrollforskrifta har krav om at rutinane skal vere dokumenterte.

Handlingsplanane til kommunen knytt til risikovurderinga for avløpsreinseanlegga inneheld ikkje opplysningar om kven som er ansvarleg for å gjennomføre tiltak for å redusere risiko, og når tiltaka skal vere utført.

Rutine for korleis substitusjonsplikta skal gjennomførast mangla også ved tilsynet.

7. Merknader

Vi ga ikkje merknader under inspeksjonen.

8. Andre tilhøve

Flora kommune har i perioden 2014- 2019 lagt avløpsleidningar med samla grøftelengde på 10 715 meter, i tillegg til 650 meter sjøleidning. Kanalen reinseanlegg står ferdig og ti pumpestasjonar er bygd. Kommunen har i alt 17 kommunale reinseanlegg i Florø/Brandsøy tettstad. Slik planane er i dag skal elleve av desse sanerast. I 2025 vil kommunen ha seks kommunale utslepp.

Flora kommune skal frå 1. januar 2020 slåast saman med Vågsøy kommune og nytt namn blir Kinn kommune. Interkontrollen i dei to kommunane er ikkje like. Felles internkontrollsystem skal utarbeidast for Kinn kommune.

Status for akkreditert prøvetaking i Flora kommune er at Silanlegget Stranda RA er akkreditert for prøvetaking. Nytt silanlegg Kanalen RA er starta opp, men kommunen har ikkje overteke anlegget enno. Anlegget vil bli akkreditert så snart som råd er.

Kommunen skal få på plass prøvetakingsutstyr i fire eksisterande reinseanlegg med slamavskilljarar. Anlegga skal vidareførast, og det må kunne dokumenterast at reinsekrava blir oppnådde. Arbeidet er budsjettert og vil starte opp rett over nyttår. I følgje framdriftsplan frå 2014, skal utstyret vere på plass innan år 2023/24. Dette arbeidet bør starte opp tidlegare enn planlagt. Kommunen kan søkje Fylkesmannen om dispensasjon frå kravet om å ta akkrediterte prøver av avløpsvatn inn til anlegga.

To driftsoperatørar har fått opplæring hos DIHVA. Dei er godkjente som kontrahert personell for å utføre akkreditert prøvetaking i anlegga.

I følgje Hovedplan Vassforsyning og Avløp 2017-2025 for Flora kommune, er det planlagt å leggje sjøleidning i Kanalen. Det vil ikkje skje. Sjøleidninga blir erstatta av avløpsleidning plassert på land.

I løyvet punkt 3.5.5. Krav til påslepp frå næringsverksemdar, er det krav om at påslepp skal skje på ein slik måte at krava til utslepp frå leidningsnett og reinseanlegg vert haldne, og slik at ikkje kvaliteten på avløpsslammet vert forringa med tanke på vidare handtering og disponering. Kommunen kan gje føresegner om behandling og krav til påslepp for verksemdar i samsvar med forureiningsforskrifta § 15A-4.

Kommunen kan, i tillegg til eventuelle krav fastsett i utsleppsløyve frå statleg forureiningsmynde, i enkeltvedtak eller i forskrift, ved påslepp av avløpsvatn til offentleg avløpsnett frå verksemd, setje krav om:

- a) innhald i og mengde av avløpsvatn eller i særlege tilfelle reinseeffekt,
- b) feittavskiljar, sandfang eller silanordning for avløpsvatn med tilhøyrande vilkår,
- c) tilrettelegging for prøvetaking og mengdemåling av avløpsvatn,
- d) varsling av unormale påslepp av avløpsvatn, og
- e) utsleppskontroll og rapportering av fastsette krav til avløpsvatnet og avløpsgebyr

Kommunen kan stille desse krava for å verne leidningsnett, reinseanlegg, slam eller arbeidsmiljø.

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med Nor tekstil AS avd. Florø 8. november 2019. Flora kommune deltok på synfaring ved verksemda i forkant av sjølve tilsynet. Kommunen må vurdere om dei skal krevje påsleppsavtale for utslepp frå verksemda i tråd med forskrifta.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolloven) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen